



Hege Gonsholt
Arabygdvegen 1530

3864 Rauland

Delegert sak nr. 16/22

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2015/3409	5806/2016	223	07.03.2016

Avslag - Søknad om støtte til pilotprosjekt - Vinje Sau og Geit

Dokument i saka:

Søknad om tilskot til pilotprosjekt, datert 20.12.2015

E-post frå Nofence AS den 22.12.2015

Utale frå Mattilsynet – e-post 30.12.2015

Bakgrunn:

Vinje Sau og Geit søker om kommunalt tilskot til pilotprosjekt for utprøving av GPS-bjeller/Nofence. Det har i den samanhengen vore mykje kommunikasjon mellom søker, kommune, Nofence AS og Mattilsynet om prosjektet. Konklusjonen då var at Mattilsynet på det tidspunktet ikkje kunne godkjenne produktet ut frå omsyn til dyrevelferden.

Som søker har blitt orientert om ynskjer ikkje Vinje kommune å støtte eit produkt som ikkje er godkjent – ein får vurdere dette på nytt om det skjer endringar i utviklinga av «bjella». Vi ser oss lei for at det formelle avslaget kjem først no.

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune, næringskontoret syner til utgreiing i saka og gjev Vinje Sau og geit avslag på søknad om tilskot til pilotprosjekt som omsøkt.

Med helsing

Toril Nicolaisen
nærings sjef

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nils Vågslid Haukelivegen 4254 3895 Edland